

NOREGS OFFISIELLE STATISTIKK XII 7



Statistisk Sentralbyrå
Biblioteket

TELEGRAFVERKET

1958—1959

Statistique des télégraphes et des téléphones de la Norvège
L'exercice 1958—1959

315,63(31)
T26

lx.2

TELEGRAFSTYRET

OSLO 1960

Noregs offisielle statistikk, rekkje XI og XII

Norway's Official Statistics, series XI and XII

Rekkje XI

Prenta 1959

- Nr. 326 Produktivitetsutviklingen i industrien 1949—1955 *Productivity trends in mining and manufacturing*
- 327 Norges postverk 1958 *Statistique postale*
- 328 Forsikringselskaper 1957 *Sociétés d'assurances*
- 329 Samferdselsstatistikk 1959 I *Transport and communication statistics I*
- 330 Statistiske oversikter 1958 *Statistical survey*
- 331 Telegrafverket 1957—58 *Télégraphes et téléphones de l'Etat*
- 332 Sunnhetstilstanden og medisinalforholdene 1956 *Medical statistical report*
- 333 Følkemengden i herreder og byer 1. januar 1958 *Population in rural districts and towns*
- 334 Norges jernbaner 1956—57 *Chemins de fer norvégiens*
- 335 Syketrygden 1957 *Health insurance*
- 336 Norges fiskerier 1957 *Fishery statistics of Norway*
- 338 Kriminalstatistikk 1957 *Criminal statistics*
- 338 Meieribruket i Noreg 1957 *Norway's dairy industry*
- 339 Lønnsstatistikk 1957 *Wage statistics*
- 340 Norges handel 1957 Del II *Foreign trade of Norway Part II*
- 341 Jordbruksstatistikk 1958 *Agricultural statistics*
- 342 Statistisk årbok 1959 *Statistical yearbook of Norway*
- 343 Sinnsykehusenes virksomhet 1957 *Hospitals for mental disease*
- 344 Undervisningsstatistikk 1956—57 *Statistics on education*
- 345 Folkemengdens bevegelse 1957 *Vital statistics and migration statistics*
- 346 Norges jernbaner 1957—58 *Chemins de fer norvégiens*
- 347 Skogstatistikk 1953—1956 *Forestry statistics*
- 348 Kredittmarkedstatistikk 1957 *Credit market statistics*
- 349 Norges industri 1957 *Industrial production statistics*
- 350 Varehandelsstatistikk 1957 *Distribution statistics*
- 351 Samferdselsstatistikk 1959 II *Transport and communication statistics II*
- 352 Alkoholstatistikk 1958 *Alcohol statistics*

Rekkje XII

Prenta 1960

- Nr. 1 Økonomisk utsyn over året 1959 *Economic survey*
- 2 Lønnsstatistikk 1958 *Wage statistics*
- 3 Norges kommunale finanser 1955—56 og 1956—57 *Municipal finances*
- 4 Elektrisitetsstatistikk 1957 *Electricity statistics*
- 5 Skogavvirking 1955—56 til 1957—58 *Roundwood cut*
- 6 Skogbrukstillingen i Norge 1. september 1957 I *Tabeller Census of forestry I Tables*
- 7 Telegrafverket 1958—59 *Télégraphes et téléphones de l'Etat*

N O R E G S O F F I S I E L L E S T A T I S T I K K X I I 7



TELEGRAFVERKET

1958—1959

Statistique des télégraphes et des téléphones de la Norvège
L'exercice 1958—1959

TELEGRAFSTYRET

OSLO 1960

FORORD

I denne utgåva av Telegrafverkets offisielle statistikk er storparten av stoffet ordna på ein annan måte enn i tidlegare årgangar.

Dei 8 første avsnitta tek sikte på å gje eit samla oversyn over Telegrafverket. Her er avsnitta I—VI heilt omskrivne, medan VII (Stasjonsbygningar) og VIII (Personalet) for det meste er sett opp som avsnitta II og III i dei førre utgåvene.

I tabellverket er tabellane 1—10b nye. Dei kjem i staden for mesteparten av dei tidlegare økonomi- og trafikktabellane (1a—d, 2, 4a—c, 7b og 8a—c). Tabellane over telegram- og telefontrafikken med utlandet over dei ymse vegane og telefontrafikken på ymse rikstelefonsamband (tidlegare 5, 7a og 15) er sløyfa. Resten av tabellane er med små unntak som før. Rekkjefølgja er likevel endra noko.

Arbeidet med å gjera statistikken mest mogleg formålstenleg vil halda fram.

Innhold.

I. Telegrafverkets arbeidsoppgåver

II. Administrasjon

	Side
2.1. Telegrafverkets organisasjon	7
2.2. Ymse administrative tiltak	8

III. Økonomi, trafikk, telefon- og teleksabonnement osv.

3.1. Utdrag av Telegrafverkets kapitalrekneskap	9
3.2. Oversyn over Telegrafverkets investeringsutgifter og finansiering av disse utgiftene	10
3.3. Telegrafverkets driftsrekneskap	12
3.4. Telegrafverkets abonnentanlegg	14
3.5. Tilknytingsnetta	16
3.6. Private telefonselskap	16
3.7. Telefontettleik og telefongingarar	17
3.8. Private telefonselskap og tilknytingsnett overtekne av Telegrafverket i 1958—59	19
3.9. Rikstelefonen	20
3.10. Telegraf	23
3.11. Teleks	24

IV. Linjer og samband

4.1. Kabelgrofter, kabelkanalar, stolperekker og radiolinjer i Telegrafverkets linjenett pr. 1/1 1959	26
4.2. Kablar og trådlengd i Telegrafverkets linjenett og i tilknytingsnetta	26
4.3. Stolperekker og trådlengd i linjenetta til dei private telefonselskapa	27
4.4. Lokaltelefonlinjer	27
4.5. Rikstelefonsamband, kringkastingsamband og overføringsamband for tone-telegrafi pr. 1. januar 1959	28
4.6. Telegraf- og telekssamband pr. 1. januar 1959	31
4.7. Skadar på rikslinjenettet	32
4.8. Utbygging av rikslinjenettet	32
4.9. Nye berefrekvens- og tonetelegrafkanalar	35

V. Stasjonar

5.1. Stasjonar som Telegrafverket driv	36
5.2. Stasjonar som andre enn Telegrafverket driv	38

VI. Stasjons- og abonnentutstyr

6.1. Automatiske og halvautomatiske lokaltelefonsentralar	39
6.2. Manuelle sentralbord (inkl. Sb-bord)	42
6.3. Telefonapparat	43
6.4. Fjernskrivarsentralar og fjernskrivarapparat med tilleggsutstyr pr. 30. juni 1959	43
6.5. Berefrekvens- og tonetelegrafutstyr	44
6.6. Utstyr ved Telegrafverkets radiostasjonar, bakkestasjonane og kringkastarane	45

VII. Stasjonsbygninger


	Side
7.1. Større husbygg som er fullførde i budsjettåret.....	45
7.2. Større husbygg under arbeid eller førebuing	46
7.3. Mindre husbygg som er fullførde i budsjettåret eller som er under arbeid eller førebuing. Tomtekjøp.....	47
7.4. Bygging av mindre kioskar for automatsentralar og forsterkarstasjonar, kjøp av mindre tomter m.m.....	49
7.5. Større vølings- og fornyingsarbeid	50

VIII. Personalet

8.1. Løns- og arbeidsvilkår	51
8.2. Sysselsette personar	51
8.3. Sjukefråvær	54
8.4. Nye postar o.m. i budsjettåret	55
8.5. Undervisningsverksemda	57
8.6. Ymse sosiale stønader og velferdstiltak	58

Tabellar

Tab. 1. Økonomisk oversyn over Telegrafverkets drift i budsjettåret 1958—59	62
» 2. Abonenttelefonen. Trafikk, driftsinntekter og -utgifter ved kontrollkretsane i budsjettåret 1958—59	64
» 3. Rikstelefonen. Trafikk, driftsinntekter og -utgifter ved kontrollkretsane i budsjettåret 1958—59	72
» 4. Telegraf. Trafikk, driftsinntekter og -utgifter ved kontrollkretsane i budsjettåret 1958—59	80
» 5. Teleks. Trafikk, driftsinntekter og -utgifter ved telekssentralane i budsjettåret 1958—59.....	88
» 6. Driftsinntekter og -utgifter i budsjettåret 1958—59 som ikkje er delt på kontrollkretsane	90
» 7. Utgifter ved distriktstyra, distriktsverkstadene og vedlikehald av rikslinjenettet i budsjettåret 1958—59	94
» 8a. Telefontrafikken med utlandet i budsjettåret 1958—59. Terminaltrafikk	96
» 8b. Telefontrafikken med utlandet i budsjettåret 1958—59. Transittrafikk	110
» 9a. Telegramtrafikken med utlandet i budsjettåret 1958—59. Terminaltrafikk utanom билетetelegram	112
» 9b. Telegramtrafikken med utlandet i budsjettåret 1958—59. Terminaltrafikk, билетetelegram	120
» 9c. Telegramtrafikken med utlandet i budsjettåret 1958—59. Transittrafikk	121
» 10a. Telekstrafikken med utlandet i budsjettåret 1958—59. Terminaltrafikk	122
» 10b. Telekstrafikken med utlandet i budsjettåret 1958—59. Transittrafikk	124
» 11. Trafikken ved kystradiostasjonane i budsjettåret 1958—59.....	126
» 12. Trafikken ved bakkestasjonane i budsjettåret 1958—59	128
» 13. Taksert trafikk månadsvis i budsjettåret 1958—59	129
» 14. Trafikk, inntekter og utgifter fylkesvis i budsjettåret 1958—59.....	130
» 15. Sentralar, linjer, apparat, trådlengd og samband ved abonentanlegga i budsjettåret 1958—59	132
» 16. Stasjonsutstyr og tilknytte apparat ved telegraf- og rikstelefonstasjonane pr. 30. juni 1959.....	160
» 17. Radioutstyr ved stasjonane pr. 30. juni 1959	165
» 18. Radioutstyr ved bakkestasjonane pr. 30. juni 1959	167
» 19. Oppgåve over tenestemenn i Telegrafstyret pr. 30. juni 1959	168
» 20. Oppgåve over tenestemenn i Telegrafverket (utanom Telegrafstyret) pr. 30. juni 1959	170
» 21. Oppgåve over tenestemenn ved kringkastarane pr. 30. juni 1959	176
» 22. Oppgåve over tenestemenn ved bakkestasjonane pr. 30. juni 1959	178
» 23. Oversyn over personalet pr. 30. juni 1959 og sjukedagar i halvåret 1/7—31/12 1958	180
» 24. Gjennomsnittleg tal på tenestemenn og sjukedagar, delt på arbeidsgreiner. Halvåret 1/7—31/12 1958.....	192
» 25. Oversyn over Telegrafverket i tidbolken frå 1855 til 1958—59	194
» 26. Samanliknande oversyn for året 1957 over telegraf og telefon i ymse land	196



SAMFERDSKIS-

Post- og Telegrafavdelinga

TELEGRAFIDIREKTØR

DEPARTEMENTET

I. Telegrafverkets arbeidsoppgåver.

Etter lov 29. april 1899 har staten (Telegrafverket) med visse unntak einerett til å byggje og drive telekommunikasjonsanlegg.

Telegrafverkets arbeidsoppgåver er å byggje og drive

- a) lokaltelefonanlegg,
- b) rikstelefonanlegg,
- c) telegraf- og teleksanlegg,
- d) kringkasting- og fjernsynsendarar med tilhøyrande overføringsnett (for Norsk Riksringkasting) og
- e) bakkestasjonar og anna radioteknisk utstyr for trygging av luftferdsla (for Luftfartsdirektoratet).

På einskilde stader blir lokaltelefonen enno driven av private selskap etter konsesjon frå Samferdselsdepartementet. Desse selskapa midlar også telegram.

Etter avtale mellom Telegrafverket og Noregs statsbanar ekspederer også Noregs statsbanar telegram til og frå publikum over sitt telekommunikasjonsnett.

Til det ålmenne telekommunikasjonsnettet som Telegrafverket driv, høyrer fleire radiostasjonar, mellom anna kystradiostasjonane for samtrafikk med skip i sjøen.

Hopen radio, Bjørnøya radio og Jan Mayen radio blir drivne av Meteorologisk Institutt, Ny-Ålesund radio av Kings Bay Kullcomp. A/S og Myggbukta radio av A/S Arktisk Næringsdrift.

Bygging og drift av radiotelefonstasjonar på fyra og anna radioteknisk navigasjonsutstyr på land ligg for det meste under Fyrvesenet.

Radiotenesta ombord i norske skip og fly blir drivne av reiarane og flyselskapa etter konsesjon frå Telegrafstyret.

II. Administrasjon.

2.1. Telegrafverkets organisasjon.

Jfr. organisasjonskartet foran.

Telegrafverket høyrer inn under Samferdselsdepartementet og har ein telegrafdirektør som øvste administrative leiar. Direkte under telegrafdirektøren høyrde pr. 30. juni 1959 dei fem avdelingsdirektørane i Telegrafstyret, sjefen for Telegrafstyrets militærkontor, dei 12 distrikt-sjefane og direktøren ved Bergen telefonanlegg.

Telegrafstyret, som er *Telegrafverkets sentraladministrasjon* og ein del av Samferdselsdepartementet, er delt i fem avdelingar, kvar har ein avdelingsdirektør som sjef:

- Trafikkavdelinga (avd. I),
- Linjeteknisk avdeling (avd. II),
- Personalavdelinga (avd. III),
- Radioteknisk avdeling (avd. IV) og
- Økonomiavdelinga (avd. V).

Kvar avdeling er igjen delt i kontor med ein kontorsjef, overingeniør eller sjefingeniør som leiar. Utanom dei 5 avdelingane står Telegrafstyrets militærkontor med ein oberst som sjef. Han står administrativt under telegrafdirektøren.

Distriktssjefane leier kvar sin *distriktadministrasjon*. Distriktssjefanes administrasjonsområde er telegrafdistrikta. Lokaltelefonen i Bergen og omland, som har telefondirektøren i Bergen som sjef, fell utanom distriktsinndelinga.

Telegrafverkets *lokaladministrasjon* blir leidd av telegrafstyrarar. Telegrafstyrarane ved dei vanlege sjølvstendige telestasjonane, Arendal telefonanlegg, Byrudstua forsterkarstasjon, Stavanger/Varhaug radiofyr og dei sjølvstendige kystradiostasjonane og faste radiostasjonane sorterer under vedkomande distriktsjef, medan styrarane ved Svalbard radio, kringkastingsendarane og dei sjølvstendige bakkestasjonane står direkte under Telegrafstyret (Radioteknisk afdeling).

Dei fleste telegrafstyrarane ved dei vanlege sjølvstendige telestasjonar har utanom eigen stasjon også fleire eller færre understasjonar i sitt administrasjonsområde. Eit slikt administrasjonsområde kallast da ein kontrollkrins.

30. juni 1959 var det telegrafstyrarar ved
- 108 vanlege sjølvstendige telestasjonar med understasjonar — elleve av desse hadde også kyst-radioteneste, ein av desse elleve dessutan bakkeradioteneste,
- 18 vanlege sjølvstendige telestasjonar utan understasjonar,
- 1 telefonanlegg (Arendal telefonanlegg),
- 1 forsterkarstasjon (Byrudstua, styraren har tittel avdelingsjef),
- 8 sjølvstendige kystradiostasjonar,
- 4 kombinerte kystradio- og bakkestasjonar,
- 16 sjølvstendige bakkestasjonar (her har ein også teki med Lebesby som berre er open om sommaren),
- 12 kringkastarar,
- 1 radiofyr (Stavanger/Varhaug radiofyr).

Her er ikkje teki med styrarane ved Tryvasshøgda radio og Ski mottakarstasjon og heller ikkje Jeløy radio som har ein driftsingeniør (avdelingsingeniør) som leiar.

I budsjettåret 1958—59 blei det gjort desse endringane i den administrative oppdelinga:

1. juli 1958 blei det skipa ein eigen økonomiavdeling i Telegrafstyret.

1. juli 1958 blei Oslo telefonanlegg og Oslo telegrafdistrikt slegne saman til eitt telegrafdistrikt med ein distriktsjef som leiar.

1. juli 1958 blei Stavanger telefonanlegg og Stavanger rikstelefon- og telegrafstasjon slegne saman til ein sjølvstendig stasjon med ein telegrafstyrar som leiar.

Frå same dato blei desse rikstelefonstasjonane i Stavanger kontrollkrins førde over til Sandnes kontrollkrins:

Bersagel, Horve, Høle og Ims i Høle kommune og Byrkjedal (med talestasjonane Motland og Østabø), Dirdal, Frafjord og Gilja i Forsand kommune.

2.2. Ymse administrative tiltak.

Frå 1. januar 1959 gjeld ny avtale om driftsutval i Telegrafverket, jfr. kgl. res. 6. juli 1951.

Telegrafstyret har i budsjettåret vori representert ved ymse internasjonale drøftingar. I den internasjonale rådgjevande komitéen for telegraf- og telefoni (CCITT) var det sær møte i Genève i dagane 22.—27. september 1958. Avdelingsdirektør Leif Larsen og kontorsjef A. Strand møtte frå Noreg.

29. september—29. november 1958 var det administrativ telegraf- og telefonkonferanse i Genève som reviderte dei internasjonale telegraf- og telefonreglementa. Som norske utsendingar møtte telegrafdirektør Sv. Rynning-Tønnesen, avdelingsdirektør Leif Larsen og kontorsjef A. Strand.

Dessutan var det møte i fleire av studiekommisjonane og underkommisjonane i CCITT: I Genève var det møte i to underkommisjonar i tida 16.—20. september 1958. Avdelingsdirektør Leif Larsen møtte i den eine og kontorsjef A. Strand i den andre underkommisjonen.

Overingeniør O. Nystog møtte i ein studiekommisjon i Genève i tida 1.—10. oktober 1958, og inspektør E. Jensen møtte i ein studiekommisjon i München i tida 27. oktober—8. november 1958.

Vidare var det fem møte i Genève i ymse studiekommisjonar. På møtet 10.—15. november 1958 møtte overingeniør T. Forberg, på møta 1.—4. desember 1958 og 5.—16. desember 1958 overingeniør O. Nystog. På møtet 1.—4. desember møtte også overingeniør F. Jahn Larsen. På møta 2.—13. februar 1959 og 24. juni—1. juli 1959 møtte avdelingsingeniør Nils Taranger.

Utanom møta i CCITT var Noreg representert ved desse møta:

I Stockholm var det møte i tida 1.—17. juli 1958 i International Electrotechnical Commission (IEC) der overingeniør O. Nystog møtte for Telegrafstyret.

Overingeniør K. E. Lagset og avdelingsingeniør K. Welle møtte i Haag ved International Teletraffic Congress 1958 (ITC) i dagane 7.—11. juli 1958.

I Genève var det møte i fleire studiekommisjonar i den internasjonale rådgjevande komitéen for radio (CCIR) i månadene juli/august 1958). På møtet 19. juli—11. august møtte avdelingsingeniør J. Dahlin og på møtet 12.—30. august møtte overingeniør T. Forberg for Noreg.

Den internasjonale sivile luftfartsorganisasjon (ICAO) hadde møte i Montreal 18. august—6. september 1958 der overingeniør P. Mortensen møtte, og i Paris 14.—29. september 1958 der overingeniør Kaare Falk-Pedersen møtte for Noreg.

Plenarforsamlinga i Den internasjonale spesielle komitéen for radiostøy (CISPR) hadde møte i Haag 16.—26. november 1958. Frå Noreg møtte overingeniør Kaare Falk-Pedersen.

Representantar for dei nordiske landa drøfta forslag til ITU konferansen hausten 1959 på eit møte i Stockholm i dagane 3.—5. desember 1958. Frå Noreg møtte avdelingsdirektør N. J. Søberg, overingeniør P. Mortensen og kontorsjefane A. Strand og Odd Sandvei.

På eit møte i Montreal i Den internasjonale sivile luftfartsorganisasjon (ICAO) i tida 10. februar—2. mars 1959 møtte overingeniør Christen Nome frå Noreg.

I Stockholm var det nordisk samrådsmøte 19. februar 1959 om dei nye internasjonale telegramtakstane etter revisjonen av det internasjonale telegrafreglementet. Frå Noreg møtte avdelingsdirektør Leif Larsen og kontorsjef A. Strand.

Til plenarforsamlinga i Den internasjonale rådgjevande komitéen for radio (CCIR) i Los Angeles 1. april—2. mai 1959 møtte avdelingsdirektør N. J. Søberg som norsk utsending.

I dagane 2.—5. juni 1959 var det nordisk telekonferanse i Bergen der desse møtte som representantar frå Telegrafstyret: Telegrafdirektør Sv. Rynning-Tønnesen, avdelingsdirektør Leif Larsen, avdelingsdirektør J. Ringstad, kontorsjef A. Strand, overingeniør P. Mortensen, avdelingsingeniør Nils Taranger og førstesekretær P. Rabbås.

Den europeiske konferansen for post- og telekommunikasjonsadministrasjonane (CEPT) hadde konstituerande møte i Montreux 22. juni—4. juli 1959. Norske representantar var avdelingsdirektør Leif Larsen og konsulent Thv. Nebell. Før denne konferansen hadde det vori to nordiske samrådsmøte, eit i København 16. januar 1959 og eit i Stockholm 22. april 1959, der avdelingsdirektør Leif Larsen møtte.

III. Økonomi, trafikk, telefon- og teleksabbonnement o.s.v.

3.1. Utdrag av Telegrafverkets kapitalrekneskap.

Telegrafverkets kapitalrekneskap blir sett opp i samsvar med føresegnene i stortingsvedtak 20. mars 1931. Her er gjevi eit stutt samandrag av denne rekneskapen.

Balansekonto pr. 30. juni 1959.

<i>Aktiva</i>		kr.
Eigedomar og anlegg		944 658 435,63
Lagerforråd		32 018 410,57
Lager for økonomisk vernebuuing		6 993 532,84
Kassesum		11 596 238,47
Noregs bank og postgiro		4 485 133,08
Ymse debitorar		61 474 821,13
		<u>1 061 226 571,72</u>
<i>Passiva</i>	kr.	
Lån av Nortraships Sjømannsfond	14 895 588,67	
Lån av Hvalfangstbedriftenes Sikringsfond	6 020 000,00	
Lån av Aldersfondet	8 360 000,00	
Lån av Nøytralitetsfondet	10 120 000,00	
Lån av Statens skipsfond	10 120 000,00	49 515 588,67
Statens renteberande kapital i eigedomar og anlegg	878 142 846,96	
Lagerfondet	10 062 068,92	<u>388 204 915,88</u>
Statens ikkje renteberande kapital i eigedomar og anlegg (finansiert over Telegrafverkets driftsbudsjett)	17 000 000,00	
Statens ikkje renteberande kapital i lageret for økonomisk vernebuuing	6 993 532,84	23 993 532,84
Mellomrekneskap med statskassa		95 257 965,74
Ymse kreditorar		4 254 568,59
		<u>1 061 226 571,72</u>

Anleggskapitalen.

Telegrafverkets **a n l e g g s k a p i t a l** er utrekningsgrunnlaget for avsetning til fornying i Telegrafverket. Anleggskapitalen kan definerast som anskaffingsverdet av alle anleggsdelar som ikkje er avskrivne til 0.

	Anleggskapital pr. 30/6—58	Utvidingsutg. i kapitalrekne- skapen for 1958—59	Kapitalreguler., omposteringar m.m. i 1958—59	Anleggskapital pr. 30/6—59
	kr.	kr.	kr.	kr.
Oslo telefonanlegg	200 740 102,81	19 414 115,04	519 944,48	220 674 162,33
Bergen telefonanlegg ..	53 234 740,54	4 812 161,95	488 344,67	58 535 247,16
Bytelefonanlegg over- tekne ved lån	85 333 052,20	3 327 458,80	1 561 958,91	90 222 469,91
Andre telefonanlegg . . .	219 684 372,25	26 596 742,78	÷ 6 052,43	246 275 062,60
Telefonanlegg i alt	558 992 267,80	54 150 478,57	2 564 195,63	615 706 942,00
Rikstelefon-, telegraf- og teleksanlegg	304 281 721,67	19 947 969,21	2 909 724,80	327 139 415,68
Radioanlegg	5 076 023,53	5 524 130 98	÷ 4 544 183,71	6 055 970,80
Grunnareal og byg- ningar	66 987 678,03	7 193 919,53	÷ 114 993,72	74 066 603,84
Anlegg i alt	935 337 691,03	86 816 498,29	814 743,00	1 022 968 932,32

Kapitalreguleringar og omposteringar var turvande av dei einskilde utgifter, t. d. til «Grunnareal og bygningar», blei debiterte andre hovudpostar i rekneskapen.

3.2. Oversyn over Telegrafverkets investeringsutgifter og finansieringa av desse utgiftene.

Telegrafverkets *totale investeringsutgifter* (dvs. dei totale utgiftene til utviding og fornying) delte seg slik:

	Budsjetåret		Auke	
	1957—58	1958—59	kr.	%
1. Abonenttelefonlegga:				
Oslo telefonanlegg				
a. kablar og luftlinjer	7 294 616,19	10 214 589,38	2 919 973,19	40,03
b. stasjons- og abon- nentutstyr	12 428 328,16	18 388 525,66	5 960 197,50	47,96
Andre telefonanlegg				
a. kablar og luftlinjer ..	28 740 638,81	35 611 476,60	6 870 837,79	23,91
b. stasjons- og abon- nentutstyr	18 969 739,84	24 856 652,84	5 886 913,00	31,03
Bilinjer	1 895 711,88	2 159 277,63	263 565,75	13,90
Rasjonalisering av telef- drifta i grisgrendte strok	1 868 071,13	2 299 114,88	431 043,75	23,07
Overtaking av private telefonanlegg og tilkny- tingsnett	509 634,74	496 886,79	÷ 12 747,95	÷ 2,50
	71 706 740,75	94 026 523,78	22 319 783,03	31,13
2. Rikstelefon-, telegraf- og teleksanlegga:				
Kabellinjer	13 651 641,93	10 159 936,31	÷ 3 491 705,62	÷ 25,58
Luftlinjer og kablar i luftlinjekursane, sjø- kablar til utlandet	12 034 227,15	12 057 022,13	22 794,98	1,89
Berefrekvensutstyr . . .	2 393 077,24	2 908 543,17	515 465,93	21,54
Tonetelegrafiutstyr . . .	803 056,43	510 919,14	÷ 292 137,29	÷ 36,38
Stasjonsutstyr, rikstfn.	3 258 742,78	4 397 428,22	1 138 685,44	34,94
Stasjonsutstyr, telegraf	159 516,63	68 542,32	÷ 90 974,31	÷ 57,03
Stasjons- og abonnent- utstyr, teleks	1 644 221,03	2 222 075,15	577 854,12	35,14
	33 944 483,19	32 324 466,44	÷ 1 620 016,75	÷ 4,77

	Budsjettåret		Auke	
	1957—58	1958—59		
	kr.	kr.	kr.	%
3. <i>Radioanlegga:</i>				
Radiolinjer	2 095 348,25	3 072 957,50	977 609,25	46,66
Andre radioanlegg.....	1 473 422,15	1 614 642,39	141 220,24	9,58
	3 568 770,40	4 687 599,89	1 118 829,49	31,35
4. <i>Faste eiendomar:</i>				
Grunnareal	1 071 014,90	899 252,82 ÷	171 762,08 ÷	16,04
Bygninger	6 094 662,20	9 337 047,87	3 242 385,67	53,20
	7 165 677,10	10 236 300,69	3 070 623,59	42,85
5. <i>Avdrag på lån til over- taking av private telefon- anlegg</i>	2 460 000,00	2 460 000,00	—	—
Totale investeringsutg.	118 845 671,44	143 734 890,80	24 889 219,36	20,94

Av dei totale investeringsutgifter i 1958—59 gjekk 65,42 % til abonnenttelefonlegga, 22,49 % til rikstelefon-, telegraf- og teleksanlegga, 3,26 % til radioanlegga, 7,12 % til faste eiendomar og 1,71 % til avdrag på lån.

Dei tilsvarende tala for 1957—58 var 60,34 %, 28,56 %, 3,00 %, 6,03 % og 2,07 %.

Finansiering av investeringsutgiftene.

	Budsjettåret		Auke	
	1957—58	1958—59		
	kr.	kr.	kr.	%
1. <i>Investeringsinntekter:</i>				
Innmeldingsavgift for telefonabonnem. o. m. Tilskot for spesielle telefonapparat	7 667 577,62	8 206 118,31	538 540,69	7,02
Tilskot til automatiske hussentralar og serie-telefonapparat	130 113,88	149 038,11	18 924,23	14,54
Andre tilskot vedk. telefonabonnement ...	2 699 399,52	2 606 679,52 ÷	92 720,00 ÷	3,43
Innmeldingsavgift for teleksabonnement	295 030,60	165 809,19 ÷	129 221,41 ÷	43,80
Sal av eiendomar o. m.	965 470,00	343 090,00 ÷	622 380,00 ÷	64,46
	105 620,00	8 005,00 ÷	97 615,00 ÷	92,42
	11 863 211,62	11 478 740,13 ÷	384 471,49 ÷	3,24
2. <i>Finansiering over drifts- budsjettet:</i>				
Avsetting til fornying (sjå 3.3)	42 300 000,00	50 000 000,00	7 700 000,00	18,20
Disponering av drifts- resultat (sjå 3.3)	3 763 783,01	21 458 392,51	17 694 609,50	—
	46 063 783,01	71 458 392,51	25 394 609,50	55,13
3. <i>Sjølvfinansiering i alt</i>	57 926 994,63	82 937 132,64	25 010 138,01	43,18
4. <i>Lån i statskassa</i>	60 918 676,81	60 797 758,16 ÷	120 918,65 ÷	0,20
5. <i>Totalsum (3 + 4)</i>	118 845 671,44	143 734 890,80	24 889 219,36	20,94

I 1958—59 var 57,70 % av investeringsutgiftene sjølvfinansierte mot 48,74 % i 1957—58.

3.3. Telegrafverkets driftsrekneskap for 1958—59.

Samanstilling av budsjett og rekneskap.

	Budsjett	Rekneskap	Meir enn budsjettert
	kr.	kr.	kr.
Totale driftsinntekter	336 000 000,00	341 197 879,82	5 197 879,82
Totale driftsutgifter	314 000 000,00	318 633 499,40	4 633 499,40
Driftsresultat	22 000 000,00	22 564 380,42	564 380,42
Disponering av driftsresultatet:			
Bygging av bilinjer og rasjonalisering av telefondrifta i griskrendte strok	4 000 000,00	4 458 392,51	458 392,51
Finansiering av ekstraordinær utbygging av abonnenttelefonen	17 000 000,00	17 000 000,00	—
Betalt til statskassa (offisielt driftsresultat)	1 000 000,00	1 105 987,91	105 987,91
	22 000 000,00	22 564 380,42	564 380,42

Fordelinga av driftsinntekter, driftsutgifter og driftsresultat på *driftsgreiner* finn ein under avsnitta 3.4, 3.8, 3.9, 3.10 og i tabell 1 på side 62.

Spesifikasjon av driftsinntektene i 1958—59¹⁾.

	kr.
1. <i>Abbonenttelefonen:</i>	
Abonnementsavgift	92 673 330,00
Samtaleavgift ²⁾	66 402 533,00
Andre inntekter	5 987 184,00
	165 063 047,00
2. <i>Rikstelefonen:</i>	
Automatisk oppsette innalandsamtaler	1 604 163,00
Manuelt oppsette innalandsamtaler	114 961 079,96
Utalandsamtaler ³⁾	8 778 776,42
Utleige av rikstelefon- og kringkastingsamband	4 501 029,31
Tilknytingar og trådfeste	3 407 177,06
Andre inntekter	1 340 950,07
	134 593 175,82
3. <i>Telegraf:</i>	
Innalandstelegram	16 993 693,40
Utalandstelegram ³⁾	11 238 712,45
Inn- og uttelefonering og inn- og utteleksering av telegram	1 457 868,00
Utleige av telegrafsamband og -apparat	2 975 069,52
Andre inntekter	1 671 022,63
	34 336 366,00
4. <i>Teleks:</i>	
Abonnementsavgift	2 327 417,00
Automatisk oppsette innalandske skrivingar	523 941,00
Manuelt oppsette innalandske skrivingar	617 528,00
Utalandske skrivingar ³⁾	3 670 646,00
Andre inntekter	65 759,00
	7 205 291,00
I alt	341 197 879,82

I budsjettåret 1957—58 var dei totale driftsinntektene kr. 296 502 645,46. Inntektsauken frå 1957—58 til 1958—59 var såleis kr. 44 695 234,36 eller 15,07 %.

Av driftsinntektene i 1958—59 fell 48,38 % på abonnenttelefonen, 39,45 % på rikstelefonen, 10,06 % på telegraf og 2,11 % på teleks.

¹⁾ Jfr. tabellane 1-7 på sidene 62—94. I tabellane er inntektene delvis spesifisert på ein annan måte enn i oppstillinga ovafor.

²⁾ Her er teki med samtaleavgift både frå abonnentane, ved talestasjonane og dei offentlege samtaleautomatane. Nærmare spesifisering av samtaleinntektene finn ein i tabell 2, side 64.

³⁾ Her er ført opp Telegrafverkets nettodel av utalandstrafikken.

Spesifikasjon av driftsutgiftene.¹⁾

	Budsjetåret		Auke	
	1957—58	1958—59	kr.	%
1. <i>Telegrafstyret og Revisjonskontoret:</i>				
Telegrafstyret	6 921 805,10	7 750 994,81	829 189,71	11,98
Revisjonskontoret	474 154,93	520 854,03	46 699,10	9,85
	7 395 960,03	8 271 848,84	875 888,81	11,84
2. <i>Distriktsadministrasjonen</i>	3 461 578,91	3 552 075,00	90 496,09	2,61
3. <i>Vedlikehold av linjene:</i>				
Abonentlinjene	17 104 275,96	18 986 194,00	1 881 918,04	11,00
Rikslinjene	9 985 142,66	11 079 294,71	1 094 152,05	10,96
	27 089 418,62	30 065 488,71	2 976 070,09	10,99
4. <i>Drift og vedlikehold av stasjonane:</i>				
Regulativlønt stasjonspersonale	89 736 861,68	95 828 531,23	6 091 669,55	6,79
Stasjonshald.	25 224 818,86	27 359 121,79	2 134 302,93	8,46
Stasjonsvedlikehold	32 656 544,12	35 988 872,47	3 332 328,35	10,20
Helsevern og velferdstiltak	355 926,82	479 020,00	123 093,18	34,58
Undervisning	2 544 008,17	2 669 515,00	125 506,83	4,93
Katalogredaksjonen	3 056 124,53	3 187 451,37	131 326,84	4,30
Hovudlageret og Prentekspedisjonen	3 151 388,06	3 174 465,42	23 077,36	0,73
	156 725 672,24	168 686 977,28	11 961 305,04	7,63
5. <i>Pensjons- og trygdeutgifter</i>	24 322 624,44	26 901 024,71	2 578 400,27	10,60
6. <i>Ymse utgifter:</i>				
Tuberkuloseлага, part av Lx-salet	1 151 632,95	1 375 326,54	223 693,59	19,42
Andre utgifter	1 351 441,93	1 413 669,39	62 227,46	4,60
	2 503 074,88	2 788 995,93	285 921,05	11,42
7. <i>Renter</i>	21 908 719,89	28 367 088,93	6 458 369,04	29,48
8. <i>Avsetning til fornying</i>	42 300 000,00	50 000 000,00	7 700 000,00	18,20
I alt	285 707 049,01	318 633 499,40	32 926 450,39	11,52

Av dei totale driftsutgiftene i 1958—59 gjekk 3,71 % til Telegrafstyret, Revisjonskontoret og Distriktsadministrasjonen, 9,44 % til vedlikehold av linjene, 52,94 % til drift og vedlikehold av stasjonane, 8,44 % til pensjons- og trygdeutgifter, 0,88 % til ymse utgifter, 8,90 % til renter og 15,69 % til avsetning til fornying.

¹⁾ Ein meir detaljert oppdeling av driftsutgiftene finn ein i tabellane 1—7 på sidene 62—94.

3.4. Telegrafverkets abonnentanlegg.

Takstar.

Dei viktigaste takstane i 1958—59 var:

- a) *Innmeldingsavgift*, kr. 500,00 pr. hovudabonnement.
I visse høve blei det dessutan kravd byggjetilskot.
b) *Abonnementsavgiftene for vanlege telefonabonnement* blei frå 1. juli 1958 sett opp med kr. 6,00 pr. kvartal slik at ein fekk desse avgiftene:

Tariffgruppe	Apparattal i det lokale samtaleområde	Kvartalsavgift pr. hovudabonnement
		kr.
0	Opptil 25	33,00
1	26— 300	33,00
2	301— 1 000	39,00
3	1 001—10 000	45,00
4	10 001—50 000	51,00
5 (Oslo tfa.)		54,00

Automattillegg kr. 3,00 pr. kvartal ved heilautomatiserte anlegg og kr. 1,50 pr. kvartal ved automatiske bisentralar knytt til manuell hovudsentral.

Nattfrådrag kr. 3,00 pr. kvartal ved sentralar utan nattevakt.

Partsfrådrag. Der to eller fleire abonnentar deler linje, får kvar eit frådrag i abonnementsavgifta. Dette partsfrådraget var kr. 3,00 pr. kvartal ved automatsentralar og kr. 6,00 pr. kvartal ved manuelle sentralar.

- c) *Abonnementsavgift for biapparat* kr. 12,00 pr. kvartal (utan omsyn til storleiken av abonnementsområdet).
d) *Abonnementsavgift for hussentralar og serietelefonar*.

For automatiske hussentralar og serietelefonar dekkjer abonnenten anten berre ein viss del av det utstyret kostar, og betalar da abonnementsavgift A, eller han dekkjer heile kostnaden og betalar abonnementsavgift B.

Kvartalsavgifter:	A	B
	kr.	kr.
Automatisk hussentral, pr. nr.	13,50	9,00
Manuell hussentral ved automatiserte anlegg, pr. nr.	9,00	
Manuell hussentral ved manuelle anlegg, pr. nr.	6,00	
Serietelefon, pr. apparat	18,00	13,50

- e) *Samtaleavgifta* blei frå 1. juli 1958 sett opp frå kr. 0,10 til kr. 0,15 pr. lokalsamtale. Det blir ikkje betalt samtaleavgift ved manuelle anlegg i tariffgruppe 0.

Utgifter til montering av tilleggsutstyr (t. d. biapparat, ekstra klokke og vendar), hussentralar og serieapparat måtte abonnentane dekkja etter rekning.

Innmeldingsavgiftene og visse kapitaltilskot, t. d. til hussentralar og serieapparat, er posterte som investeringsinntekter (jfr. 3.2). Avgiftene elles er driftsinntekter.

Hovudabonnement og lokalsamtaler.

Budsjettår	Pr. 30/6		Takserte lokalsamtaler			
	hovudabonnement ¹⁾	talestasjonar og off. samtaleautomatar	frå abonnentane ²⁾	ved talestasjonane og dei off. samtaleautomatane	i alt	pr. hovudabonnement ³⁾
1957—58....	386 563	3 429	457 548 888	13 471 870	471 020 758	1 184
1958—59....	396 090	3 617	436 339 022	13 430 116	449 769 138	1 102
Auke	9 527	188	÷ 21 209 866 ÷	41 754 ÷	21 251 620 ÷	82

¹⁾ Hovudabonnement er felles nemning for

a) einabonnement = abonnement på vanleg hovudapparat med eigen hovudlinje.

b) partsabonnement = abonnement på vanleg hovudapparat med partslinje.

c) bylinjeabonnement = abonnement på hovudlinje for hussentral og serietelefon.

I talet på hovudabonnement er også teki med tenestemannsabonnement, men ikkje tenestetelefonar.

²⁾ Her er også teki med oppringingar til riks- og telegramtelefonen.

³⁾ Her er «takserte lokalsamtaler i alt» dividert med «hovudabonnement pr. 30/6».

Frå 1. juli 1958 til 30. juni 1959 auka talet på hovudabonnement med 9 527 eller med 2,46 %. Gjennomsnittlig samtaletal pr. hovudabonnement gjekk ned frå 1 184 i 1957—58 til 1 102 i 1958—59, dvs. ein nedgang på 6,93 %. Nedgangen kjem for det første av at samtaleavgifta 1. juli 1958 blei auka frå kr. 0,10 til kr. 0,15. For det andre har nye abonnentar som kjem til, jamt over mindre trafikk enn dei som alt har telefon.

Driftsinntekter, driftsutgifter og driftsresultat i 1958—59.

1. Totale driftsinntekter	
Abonnementsavgift	kr. 92 673 330
Samtaleavgift	» 66 402 533
Andre inntekter	» 5 987 184 kr. 165 063 047
2. Totale driftsutgifter	
Lønsutgifter	kr. 60 555 987
Stasjonshaldsutgifter	» 9 523 138
Andre utgifter	» 23 042 694
Renter	» 18 347 414
Avsetning til oppnying	» 36 600 000 » 148 069 233
3. Totalt driftsresultat	<u>kr. 16 993 814</u>

Pr. hovudabonnement¹⁾:

Driftsinntekter	kr. 416,73
Driftsutgifter	» 373,83
Driftsresultat	» 42,90

Av dei totale driftsutgiftene var 40,90 % lønsutgifter, 6,43 % stasjonshaldsutgifter, 15,56 % andre utgifter, 12,39 % renter og 24,72 % avsetning til fornying.

I tabellane 1, 2, 6 og 7 (sidene 62—71 og 90—93) finn ein meir detaljerte oversyn over

- tal på hovudabonnement,
- tal på talestasjonar og offentlege samtaleautomatar,
- takserte lokalsamtaler og
- abonntelefonens driftsinntekter, driftsutgifter og driftsresultat.

Anlegg, telefonapparat, abonnentlinjer, abonnements- og samtaleavgifter delt etter tariffgruppe.

Tariff- gruppe	Anlegg pr. 30/6	Telefonapparat pr. 30/6		Abon- nent- linjer pr. 30/6	Gjennomsnittleg pr. linje			Prosentvis fordeling	
		i alt	pr. anlegg		abonne- ments- avgift	samtale- avgift	abonne- ments- og samtale- avgift	abonne- ments- avgift	samtale- avgift
0	204	2 184	11	1 243	kr. 161,36	kr. 1,78	kr. 163,14	% 98,91	% 1,09
1	399	45 973	115	28 611	168,78	87,62	256,40	65,83	34,17
2	146	76 418	523	50 972	199,14	117,46	316,60	62,90	37,10
3	68	159 261	2 342	106 910	233,54	159,01	392,55	59,49	40,51
4	6	110 127	18 355	66 748	268,56	196,08 ²⁾	464,64	57,80	42,20
5									
(Oslo) Sær- tariff	1	183 148	183 148	108 371	299,24	223,43	522,67	57,25	42,75
	2	12 965	6 483	8 508	255,14	108,04	363,18	70,25	29,75
I alt									
1958-59	826	590 076	714	371 363	249,55	171,57	421,12	59,26	40,74
I alt									
1957-58	804	568 828	707	358 547	227,53	129,64	357,17	63,70	36,30
Auke	22	21 248	7	12 816	22,02	41,93	63,95 ÷	4,44	4,44

Pr. 30. juni 1959 hadde 18 anlegg høgare tariff enn dei skulle ha etter apparattalet.

¹⁾ Her har ein dividert driftsinntektene, driftsutgiftene og driftsresultatet med talet på hovudabonnement pr. 30. juni 1959.

²⁾ På grunn av overgang til rekningsentral er det for Trondheim telefonanlegg berre teki med samtaleavgift for tre kvartal. Reknar ein med fire kvartal, blir gjennomsnittleg samtaleavgift pr. linje for tariffgruppe 4 ca. kr. 208.

3.5. Tilknytingsnetta.

Abonnentane ved tilknytingsnetta kan vera *tilknytingsabonnentar* eller *særabonnentar*. Tilknytingsabonnentane eig sjølv linje og apparat og har vedlikehaldet. Ved særabonnement er det Telegrafverket som syter for linje, apparat og vedlikehald.

Takstar.

Dei viktigaste takstane i 1958—59 var:

- a) *Innmeldingsavgift for særabonnement* kr. 500,00 pr. hovudabonnement pluss eventuelt byggjetilskot (jfr. 3.4). (Tilknytingsabonnentane betaler ikkje innmeldingsavgift av di dei sjølv kostar linje og apparat).
- b) *Abonnementsavgift:*

Tariff- gruppe	Apparattal i det lokale samtaleområde	Kvartalsavgift pr. hovudabonnement	
		tilknytings- abonnement	særabonnement
		kr.	kr.
C.1	Opptil 10	15,—	30,—
C.2	11—25	18,—	30,—
C.3	Over 25	12,—	30,—

Partsfrådraget (jfr. 3.4) var kr. 3,— pr. kvartal for tilknytingsabonnement, kr. 3,— pr. kvartal for særabonnement ved automatsentralar og kr. 6,— pr. kvartal for særabonnement ved manuelle sentralar.

- c) *Samtaleavgift* kr. 0,15 pr. lokalsamtale ved anlegg med meir enn 25 apparat (tariffgruppe C.3). Ved dei mindre anlegga (C.1 og C.2) blir det ikkje rekna samtaleavgift, berre abonnementsavgift.

Trafikk.

I budsjettåret 1958—59 blei det registrert 7 925 333 takserte lokalsamtaler frå tilknytings- og særabonnentar (i tariffgruppe C.3) mot 9 121 150 i 1957—58.

Hovudabonnement og driftsinntekter.

Budsjett- år	Hovudabonnement pr. 30/6			Inntekter	
	tilknytings- abonnement	særabonnement	i alt	i alt	pr. hovud- abonnement
				kr.	kr.
1958—59	27 165	8 591	35 756	3 407 177,06	95,29
1957—58	28 870	8 565	37 435	2 750 446,85	73,47
Auke	÷ 1 705	26 ÷	1 679	656 730,21	21,82

3.6. Private telefonselskap.

Ved utgangen av 1958 var det i alt 35 private telefonselskap. Anlegga i Tønsberg og Sandefjord er da rekna som private.

Trafikk.

I 1958 blei det registrert ca. 58 051 500 lokalsamtaler¹⁾ frå abonnentar ved dei private selskapa mot ca. 58 668 000 i 1957.

¹⁾ Berre nokre av selskapa gjev opp samtalalet. For dei selskapa som ikkje gjer det, har ein rekna ut samtalalet.

Økonomi.

Samandraget av rekneskapane frå dei private anlegga syner:

	Budsjetåret	
	1957	1958
<i>Samla bokført verde pr. 31/12¹⁾</i>	kr. 19 205 349	kr. 19 443 940
<i>Driftsinntekter:</i>		
Abonnementsavgift	6 538 157	7 056 765
Samtaleavgift	2 403 380	2 786 181
Andre inntekter	1 498 914	1 390 723
I alt	10 440 451	11 233 669
<i>Driftsutgifter:</i>		
Administrasjon og personale	3 921 008	4 266 893
Materiell og vedlikehald	1 834 404	2 019 817
Renter og avskrivninger	2 271 835	2 473 508
Andre utgifter	2 151 335	2 087 576
I alt	10 178 582	10 847 794

3.7. Telefontettleik og telefongingarar.

Telefontettleik i fylka 30. juni 1959.

Fylke	Folketal ²⁾	Telefonapparat	
		i alt ³⁾	pr. 100 innbyggjarar
1. Oslo	469 000	170 832	36,42
2. Bergen	116 000	34 183	29,58
3. Vestfold	171 000	36 374	21,30
4. Rogaland	236 000	46 661	19,78
5. Vest-Agder	108 000	20 007	18,60
6. Telemark	151 000	27 631	18,35
7. Sør-Trøndelag	209 000	38 026	18,16
8. Østfold	201 000	35 409	17,62
9. Møre og Romsdal	211 000	35 410	16,75
10. Buskerud	168 000	28 119	16,73
11. Aust-Agder	77 000	12 774	16,62
12. Akershus	224 000	34 388	15,33
13. Oppland	166 000	23 887	14,37
14. Nordland	237 000	34 125	14,37
15. Hedmark	177 000	25 417	14,32
16. Sogn og Fjordane	99 000	14 103	14,17
17. Nord-Trøndelag	116 000	16 437	14,12
18. Finnmark	71 000	9 771	13,74
19. Hordaland	222 000	29 954	13,47
20. Troms	127 000	16 283	12,87
Heile landet	3 556 000	689 791	19,39

¹⁾ Kapitalen i Tønsberg og Sandefjord telefonanlegg er ikkje medrekna.²⁾ Utrekna tal.³⁾ Her er apparata både ved Telegrafverkets anlegg, ved tilknytingsnetta og ved dei private selskapa tekne med.

Telefontettleik i byane pr. 30. juni 1959.

	Folketal	Telefonapparat	
		i alt	pr. 100 innbyggjarar
1. Harstad	4 052	1 913	47,21
2. Lillehammer.....	6 155	2 762	44,87
3. Sandnes	4 000	1 716	42,90
4. Sandefjord	6 979	2 922	41,87
5. Kongsvinger.....	2 257	833	36,91
6. Tonsberg.....	12 524	4 621	36,90
7. Oslo	469 000	170 832	36,42
8. Hønefoss	4 198	1 502	35,78
9. Tvedestrand	877	311	35,46
10. Skien	15 420	5 143	33,35
11. Steinkjer	4 138	1 373	33,18
12. Hamar	13 168	4 351	33,04
13. Levanger	1 729	567	32,79
14. Larvik	10 546	3 434	32,56
15. Halden	9 930	3 179	32,01
16. Florø	2 086	663	31,78
17. Kristiansand	27 739	8 706	31,39
18. Trondheim	59 074	18 529	31,37
19. Fredrikstad	13 836	4 112	29,72
20. Bergen	115 564	34 183	29,58
21. Sarpsborg	13 394	3 958	29,55
22. Molde	7 897	2 332	29,53
23. Horten	13 306	3 919	29,45
24. Grimstad	2 278	664	29,15
25. Kristiansund	17 100	4 956	28,98
26. Stavanger	52 969	15 203	28,70
27. Gjøvik	7 717	2 207	28,60
28. Tromsø	12 200	3 487	28,58
29. Svolvær.....	3 832	1 092	28,50
30. Holmestrand	2 117	599	28,29
31. Arendal	11 719	3 300	28,16
32. Farsund	2 169	605	27,89
33. Ålesund	19 079	5 285	27,70
34. Bodø	12 261	3 378	27,55
35. Vadsø	2 920	802	27,47
36. Lillesand	1 058	289	27,32
37. Porsgrunn.....	10 563	2 867	27,14
38. Drammen	30 781	8 271	26,87
39. Flekkefjord	3 138	839	26,74
40. Narvik	12 880	3 444	26,74
41. Haugesund	26 929	7 184	26,68
42. Hammerfest	5 530	1 475	26,67
43. Svelvik	1 200	317	26,42
44. Mandal	5 093	1 272	24,98
45. Åsgårdstrand	493	121	24,54
46. Kragerø	4 472	1 075	24,04
47. Brønnøysund	1 879	441	23,47
48. Drøbak	2 524	566	22,42
49. Notodden	7 474	1 666	22,29
50. Moss	20 203	4 403	21,79
51. Mo Rana.....	8 268	1 786	21,60
52. Namsos	5 350	1 097	20,50
53. Mosjøen	4 630	939	20,28
54. Brevik	2 319	470	20,27
55. Langesund	2 194	443	20,19
56. Egersund	3 950	789	19,97
57. Kongsberg	9 500	1 855	19,53
58. Risor	3 010	579	19,24
59. Kopervik	1 813	341	18,81
60. Stavern	1 751	323	18,45
61. Skudeneshavn	1 399	254	18,16
62. Vardø	3 570	630	17,65
63. Stathelle	766	127	16,58
64. Son	495	75	15,15
I alt	1 147 462	367 377	32,02

Telefontingarar.

	Telegraf- verkets anlegg	Tilknytings- netta	Private telefon- selskap	I alt	Pr. 100 innbyggjarar
Pr. 30/6 1950	48 331	4 293	10 115	62 739	1,92
» 30/6 1951	48 540	3 974	8 948	61 462	1,87
» 30/6 1952	48 270	4 216	9 847	62 333	1,88
» 30/6 1953	53 280	4 038	7 292	64 610	1,92
» 30/6 1954	61 245	4 811	7 503	73 559	2,17
» 30/6 1955	64 513	4 880	5 010	74 403	2,17
» 30/6 1956	66 241	4 872	5 018	76 131	2,20
» 30/6 1957	65 205	4 467	4 724	74 396	2,13
» 30/6 1958	58 087	3 803	4 705	66 595	1,89
» 30/6 1959	53 263	3 037	4 319	60 619	1,70

Fordeling på distrikt av noterte telefontingarar pr. 30. juni 1959.

Distrikt	Telegraf- verkets anlegg	Tilknytings- netta	Private telefon- selskap	I alt	Pr. 100 innbyggjarar
Oslo	26 525	—	—	26 525	5,06
Østfold	8 760	—	—	8 760	2,04
Oppland	2 517	—	73	2 590	0,90
Drammen	3 427	29	1 429	4 885	1,46
Agder	1 811	177	2 781	4 769	1,49
Rogaland	779	155	—	934	0,33
Bergen tfa.	3 612	—	—	3 612	1,82
Bjergvin	344	1 150	—	1 494	0,84
Møre	1 228	419	6	1 653	0,69
Trøndelag	2 180	121	30	2 331	0,71
Nordland	888	799	—	1 687	1,21
Troms	964	187	—	1 151	0,53
Finnmark	228	—	—	228	0,30
Heile landet	53 263	3 037	4 319	60 619	1,70

**3.8. Private telefonselskap og tilknytingsnett overtekne av
Telegrafverket i budsjettåret 1958—59.**

	Løyst inn	Tal på linjer	Tal på apparat
<i>Private telefonselskap:</i>			
1. Kjose telefonforening	1/7—58	49	96
<i>Tilknytingsnett:</i>			
2. Dimmelsvik	»	77	95
3. Farstad	»	195	276
4. Gurvikdal	»	22	30
5. Mauranger	»	20	37
6. Midsund	»	103	134
7. Rugsund	»	41	55
8. Selje	»	57	80
9. Storhallaren	»	15	32
10. Tyssebotn	»	24	39

Private telefonselskap (framh.)

	Løyst inn	Tal på linjer	Tal på apparat
11. Vikebygd	1/7—58	112	132
12. Abelnes med Andabeløy	2/7—58	38	42
13. Bollermoen	1/8—58	14	29
14. Rasvåg	8/8—58	28	46
15. Førland	1/10—58	68	83
16. Haukedalen	»	11	26
17. Mindland	»	21	28
18. Skei Jølster	»	152	195
19. Viksdalen	»	55	84
20. Verrastranda	15/10—58	70	101
21. Kyrkjebo med Nordeide	21/10—58	62	69
22. Storsteinnes Balsfjord	1/12—58	77	131
23. Birkeland Hægebostad	1/1—59	37	61
24. Eidsdal	»	71	99
25. Hardbakke	»	26	44
26. Kalvåg	»	93	128
27. Misvær	»	73	146
28. Nyhamar	»	14	26
29. Sommarhus	»	17	26
30. Stavang	»	40	55
31. Sæbo	»	90	98
32. Valsset	1/2—59	25	25
33. Åstfjorden	»	13	35
34. Flikka	16/2—59	16	30
35. Leksvik med Sollia Leksvik	24/2—59	124	140
36. Tysse	1/4—59	142	218
37. Vedavågen	»	184	194
38. Vossestrand med Oppheim	»	87	124
39. Grendi	1/5—59	35	51
40. Hyllestad	»	23	39
41. Vikan Romsdal	»	35	36
42. Svortevik	18/6—59	30	30
20 mindre tilknytingsnett		203	306
I alt		2 689	3 751

3.9. Rikstelefonen.

Takstar for innalandske rikstelefonamtaler i 1958—59.

Takstzone	Avstand	Samtaleavgift for 3 min.	Tilseingsavgift
	km	kr.	kr.
I	Opptil 25	0,70	0,70
II	25— 50	1,20	1,00
III	50—100	1,80	1,20
IV	100—250	2,40	1,30
V	Over 250	3,00	1,50

Avgifta for *bodsending* var lik tilseingsavgifta med tillegg på kr. 1,50 innafor telegram-utberingskrinsen pluss kr. 1,50 pr. km utafør utberingskrinsen.

For *ilsamtaler* blei det rekna dobbel samtaleavgift.

Takserte rikstelefon samtaler og taksert samtaleid.

	Budsjetåret				Auke i %	
	1957—58		1958—59			
	samtaler	minutt	samtaler	minutt	samtaler	minutt
Automatisk oppsette innlandssamtaler ..	1)	1)	2 090 500	6 726 400	—	—
Manuelt oppsette innlandssamtaler ..	45 668 095	196 209 000	46 980 140	203 630 000	2,87	3,78
Samtaler til utlandet ..	648 278	3 696 884	693 952	4 028 968	7,05	8,98
Samtaler frå utlandet ..	701 013	4 105 854	747 709	4 422 321	6,66	7,71
Utalandske transitt-samtaler	17	183	312	2 436	—	—
I alt	47 017 403	204 011 921	50 512 613	218 810 125		

Av dei manuelt oppsette takserte samtalerne i 1958—59 hadde ein desse *sørsamtalene*:

	Inna-landsk ²⁾	Til utlandet	Frå utlandet	I alt	Auke frå året før i %
Isamtaler	441 600	66 372	49 129	557 101 ÷	41,94
Lynsamtaler	—	14	324	338	5,30
Pressesamtaler	88 323	—	—	88 323	11,10
Abonnementsamtaler i tid med full takst	15 034	357	822	16 213 ÷	42,73
Abonnementsamtaler i tid med nedsett takst	—	1 559	944	2 503 ÷	1,18
Vanlege samtaler i tid med nedsett takst	—	181 118	191 859	372 977	6,69
Kringkastingoverføringar, sendelinje ...	—	352	191	543 ÷	1,63
—»— konferanselinje ...	—	327	192	519 ÷	5,12

Fordeling på takstsoner av dei takserte innlandssamtalene og taksert samtaleid.

Tala i felt a) nedafor for takserte *automatisk* oppsette innlandssamtaler, er rekna ut på grunnlag av kontinuerleg registrering på spesielle trafikktejarar.

Dei takserte *manuelt* oppsette innlandssamtalene og tilsvarende taksert samtaleid er talde opp i tida 3.—16. november 1958. Fordelinga på takstsoner i denne tida tek ein som representativ for heile budsjetåret.

	Budsjetåret 1957—58		Budsjetåret 1958—59			
	% -fordeling		absolutte tal		% -fordeling	
	samtaler	minutt	samtaler	minutt	samtaler	minutt
a) <i>Automatisk oppsette samtaler i sone</i>						
I	} ¹⁾	} ¹⁾	1 417 300	4 358 800	67,80	64,80
II			673 200	2 367 600	32,20	35,20
			2 090 500	6 726 400	100,00	100,00
b) <i>Manuelt oppsette samtaler i sone</i>						
I	39,98	35,69	18 232 443	69 818 000	38,81	34,29
II	21,86	21,76	10 340 685	44 292 000	22,01	21,75
III	19,98	21,44	9 584 429	44 578 000	20,40	21,89
IV	9,76	11,12	4 602 940	22 635 000	9,80	11,12
V	8,42	9,99	4 219 643	22 307 000	8,98	10,95
	100,00	100,00	46 980 140	203 630 000	100,00	100,00

¹⁾ Ikkje registrert.

²⁾ Tala er rekna ut etter statistikk teken i november 1958.

Taksert samtaleid pr. taksert rikstelefon samtale i 1958—59.

Takstzone	I	II	III	IV	V	Gjennomsnitt
	minutt	minutt	minutt	minutt	minutt	minutt
Automatisk oppsette innlandssamtaler	3,08	3,52	—	—	—	3,22
Manuelt oppsette innlandssamtaler	3,83	4,28	4,65	4,92	5,29	4,33
Gjennomsnitt	3,77	4,24	4,65	4,92	5,29	4,29

Samtaler til utlandet 5,81 minutt

Samtaler frå utlandet 5,91 »

Utalandske transittsamtaler 7,81 » (her er kvar tilseing rekna som eit minutt).

Takserte tilseingar og bodsendingar i innlandstrafikken.

Denne fordelinga av tilseingar og bodsendingar på takstsoner er rekna ut på grunnlag av den statistikken som blei teken i tida 3.—16. november 1958.

Takstzone	Budsjettåret 1957—58		Budsjettåret 1958—59	
	absolutte tal	%-fordeling	absolutte tal	%-fordeling
I	2 404 800	22,17	2 277 800	21,23
II	1 981 400	18,27	1 919 500	17,90
III	2 299 400	21,20	2 269 500	21,16
IV	1 900 500	17,52	1 870 500	17,44
V	2 260 100	20,84	2 388 300	22,27
I alt	10 846 200	100,00	10 725 600	100,00

Driftsinntekter, driftsutgifter og driftsresultat i 1958—59.

1. Totale driftsinntekter:

Automatisk oppsette innlandssamtaler	kr.	1 604 163
Manuelt oppsette innlandssamtaler	»	114 961 079
Utalandsamtaler	»	8 778 777
Utleige av rikstelefon- og kringkastingsamband	»	4 501 029
Tilknytningar og trådfeste	»	3 407 177
Andre inntekter	»	1 340 951
	kr.	134 593 176

2. Totale driftsutgifter:

Lønsutgifter	»	75 156 552
Stasjonshaldsutgifter	»	14 986 036
Andre utgifter	»	14 550 908
Renter	»	8 554 192
Avsetning til fornying	»	11 050 000
	kr.	124 297 688

3. Totalt driftsresultat kr. 10 295 488

Gjennomsnittleg inntekt pr. taksert rikstelefon samtale i 1958—59:

Automatisk oppsette innlandssamtaler	kr.	0,77
Manuelt oppsette innlandssamtaler	»	2,45
Utalandsamtaler (samtaler til og frå utlandet og utalandske transittsamtaler).....	»	6,09

Av dei totale driftsutgiftene var 60,46 % lønsutgifter, 12,06 % stasjonshaldsutgifter, 11,71 % andre utgifter, 6,88 % renter og 8,89 % avsetning til fornying.

Meir detaljerte oversyn over rikstelefontrafikken og rikstelefonens driftsøkonomi finn ein i tabellane I (økonomisk oversyn over Telegrafverkets drift), 3 (utgåande rikstelefon samtaler, rikstelefonekspedisjonar, driftsinntekter og driftsutgifter ved dei einskilde kontrollkrinsane), 6 og 7 (driftsinntekter og driftsutgifter som ikkje er delt på kontrollkrinsane), 8a og 8b (telefontrafikken med utlandet), 11 (trafikken ved kystradiostasjonane), 12 (trafikken ved bakke-stasjonane), 13 (trafikk månadsvis) og 14 (trafikk fylkesvis).

3.10. Telegraf.

Takstar i budsjettåret 1958—59.

Vanlege innalandstelegram og lokaltelegram:

Grunntakst pr. telegram	kr. 1,50
Telegraftakst (takst pr. ord)	» 0,15

med minstetakst som for 5 ord.

For *iltegram* blei det rekna dobbel grunn- og telegraftakst. Tillegget for *Lx-blankett* var kr. 1,00 for enkel og kr. 2,00 for dobbel blankett.Avgifta for inntelefonering og innteleksring var kr. 0,50 pr. telegram og for uttelefonering og utteleksring kr. 0,50¹⁾ pr. telegram.

Takserte telegram.

	Budsjettåret		Auke i %	
	1957—58	1958—59		
Innalandstelegram	3 758 799	3 410 658	÷	9,26
Telegram til utlandet	785 857	749 253	÷	4,66
Telegram frå utlandet	832 069	798 021	÷	4,09
Utalandske transitt-telegram	34 158	36 538		6,97
	5 410 883	4 994 470	÷	7,70

Av dei takserte telegramma i 1958—59 hadde ein desse særtelegramma²⁾:

	Inna-landsk	Til utlandet	Frå utlandet	I alt	Auke frå året før i %
Lokaltelegram	711 728	—	—	711 728	÷ 7,79
Brevtelegram ³⁾	17 445	99 067	184 352	300 864	÷ 4,64
Iltegram ³⁾	17 623	⁴⁾	⁴⁾	17 623	÷ 24,79
Oppslagstelegram om fisket	1 721	—	—	1 721	÷ 3,85
Pressetelegram og presseiltegram	124	587	383	1 094	÷ 16,54
Bilte-telegram	—	19	38	57	9,62

Av dei komne telegramma (frå inn- og utland) blei 2 173 466 skrivne ut på *Lx-blankett*. Dessutan blei det selt 428 274 *Lx-blankettar*.Talet på omsette *Lx-blankettar* blir da 2 601 740. Dette talet deler seg med 2 581 549 på enkle og 20 191 på doble blankettar.I *samtrafikk med Noregs statsbanar* blei det i 1958—59 sendt 82 867 og motteki 42 002 telegram.Talet på *ikkje-leverte telegram* var i 1958—59 9 122 mot 9 982 året før.Av heile *telegramtrafikken med ulandet* (både sende og komne telegram) gjekk i 1958—59 om lag 49 % over radio mot om lag 47 % året før.I *samtrafikk med skip på sjøen* (mobiltrafikk) blei det i 1958—59 sendt og motteki 510 076 telegram mot 486 716 året før.

Taksert telefonering og teleksring av sende og komne telegram.

Telegram	Budsjettåret		Auke i %	
	1957—58	1958—59		
Telefonert frå publikum	2 736 101	2 510 285	÷	8,25
